

# Årsrapport 2023



aksello  
for nyskaping og næringsutvikling

# Eigarskap



Kinn kommune



norwell



sparebanken  
sogn og fjordane



SOGN OG  
FJORDANE  
ENERGI



Flora Industri- og Næringsforening



SparebankenVest



**FJORD BASE**



**WESTCON**<sup>®</sup>

Siva	28,57%
FIN	8,16%
Kinn Kommune	8,16%
Sparebanken Sogn og Fjordane	7,95%
Sparebanken Vest	7,95%
Equinor Energy AS	7,67%
Westcon Yard Florø AS	7,63%
Fjord Base Holding AS	7,63%
Norwell AS	4,08%
Sogn og Fjordane Energi AS	4,08%
Aksello (eigne aksjar)	8,08%

# Aksello teamet



## Tilsette



## Styret



Mikael Johansen  
Styreleiar



Ola Teigen  
Styremedlem



Marita Jarstad  
Styremedlem



Vegard Saur  
Styremedlem



Katrine Dale  
Nestleiar







Atle Isaksen  
Styremedlem



Silje Sunde  
Styremedlem

## Faste rådgjevarar og prosjektleiarar



# VISJON

Aksello bidreg til å skape og sikre berekraftige arbeidsplassar gjennom bedriftsetableringar og styrking av eksisterande næringsliv.




## MÅL:

Aksello legg til rette for å utvikle berekraftige forretningsidear gjennom å vere prosjektleiar, rådgjevar og koplingsaktør for nyetableringar, eksisterande næringsliv og prosjekt i Vestland.



# MÅLSETNINGAR 2023

Aksello handlingsplan 2023



## 3. Berekraftsmål

- 8 Anstendige arbeid og økonomisk vekst
- 9 Innovasjon og infrastruktur
- 10 Mindre ulikheter
- 11 Bærekraftige byer og samfunn
- 12 Ansvarlig forbruk og produksjon
- 13 Stoppe klimaendringene
- 17 Samarbeid for å nå målene

## 2. Virkemidler og verktøy

- Utvikle inkubatoren etter beste praksis
- Sikre god idefangst
- Administrere programmet
- Sikre næringshageprogram på Kysten og i Sunnfjord
- Samhandling med andre aktører og virkemidler
- Finne, utvikle og søke nye prosjekt
- Gjennomføre prosjekt etter beste praksis
- Levere og utvikle førstelinjeteneste
- Legge til rette for gode kurs, arrangement og møteplassar

## 1. Administrativt

- Sikre rette ressursar internt og eksternt
- Gode søknader og rapportering
- Profesjonelt styrearbeid
- God samhandling med eigarane
- Sikre strategiarbeid
- Marknadsføring
- System og kompetanseheving
- Sikre Berekraft, klima og miljø i arbeidet

## Våre eigarar:



- **FORNYBAR ENERGI**
- **HAVNÆRINGAR**
- **SIRKULÆRØKONOMI**
- **TEKNOLOGI OG INDUSTRI**

# Handlingsplan 2023

## ADMINISTRATIVT

Kartlegge kompetansebehov  
Tilsette ny ressurs  
Komplettere rådgjevar/prosjektleder-teamet  
Eigar forum  
Kompetanseheving  
Nytt og hensiktsmessig CRM og rekneskapsystem  
Aksjonæravtale  
Langsiktig grunnfinansiering

## KOMMUNAL NÆRINGSUTVIKLING

Levere førstelinje tenester i høve avtale  
Viderutvikling av førstelinje tenester  
Dialogmøter  
Inngå nye avtaler med aktuelle kommunar  
En vei inn  
Kinn U40  
Kommunalt næringsfond

## INKUBATOR

Idefangst (40 idear/bedrifter i inkubasjon)  
Sikre godt samarbeid med aktuelle aktørar  
Eksterne rådgjevarressursar  
Koordinere Lederforum/møteplassar  
Fakturering og rapportering  
Rådgjeving Pre inkubasjon (23)  
Rådgjeving Forretningsmessing innovasjon (10)  
Rådgjeving Inkubasjon (7)

## PROSJEKT

Energisenter Florø  
Havvind  
FoU møte Ørret  
Grøn Hub  
Slutføre OKEN (Omstilling og knoppskying frå etablert næringsliv)  
pilot Grøn Vekst (8 bedrifter)  
Grøn Vekst x3 (30 bedrifter)  
Studiehub  
FoU møte bioøkonomi  
FoU møte havvind  
Behovsavklare og søke minst 2 nye prosjekt

## MØTEPLASSAR/ARRANGEMENT

Frukostmøte  
Grundertreffet  
Fellessamlingar grøn vekst  
Sommartreffet  
Lunsj møter  
Inkubator samling  
FoU møter  
Leder forum  
Kapital dagen  
pitch trening  
Div. kurs  
Motivasjonssamling etablert næringsliv

## MARKEDSFØRING

Videokampanjar  
nettside/SoMe  
Artikler  
Nyhetsbrev  
Idefangst  
Delta på arrangement

# Årsrapport 2023

## ADMINISTRATIVT



### Handlingsplan 2023:

Kartlegge kompetansebehov

Tilsette ny ressurs

Komplettere rådgjevar/prosjektleder-teamet

Eigar forum

Kompetanseheving

Nytt og hensiktsmessig CRM og rekneskapsystem

Aksjonæravtale

Langsiktig grunnfinansiering



## Administrativt i 2023

2023 vart dessverre prega av sjukefråvær då ei heil stilling har vore 100% sjukemeldt gjennom heile 2023. Dagleg leiar var også ute i sjukemelding i mai og delvis juni og juli grunna prolaps og ryggoperasjon. Våren 2023 rekrutterte Aksello Ingunn Eide som Programansvarleg. Ho tok over som Inkubatorleiar hausten 2023. Ingunn har raskt fått god oversikt og kontroll over inkubatoren. Gjennom **hospitering** både hjå Fylkeskommunen og hjå Proneo (inkubator i midtnorge) har Ingunn gjort seg godt kjent både i økosystemet og det faglege. Andrea Bjørkaas har bidrege innan dei fleste oppgåvene i Aksello i 2023, og levert utruleg godt arbeid i ein ressurskrevjande situasjon. Så sjølv med få ressursar og høgt sjukefråvær har organisasjonen levert **gode resultat, særst høg aktivitet** og bidrege til eit trygt og godt arbeidsmiljø i Aksello.

Vi har vore opptekne av å **kartlegge intern og ekstern kompetanse** for å sjå kva som må til for å komplettere teamet.

Resultatet er at ein i 2023 har gode **eksterne rådgjevarar** som dekker opp for intern forretningsutviklar, men ein avdekka for lite kapasitet og kompetanse innan kommunikasjon og marknadsføring. Satsing for 2024 vil vere å styrke teamet innan kommunikasjon og sikre at ein tek vekk risiko for å ha nok ressursar med forretningsutviklar-kompetanse, då gjerne eksterne innleigde ressursar.

Det har vore mindre merksemd på **Eigarforum** i 2023 enn planlagt, men dagleg leiar har sendt ut halvårsrapportar til eigarane i tillegg til dialog kring aksjonæravtala. Hausten 2023 vart **ny aksjonæravtale** signert av alle eigarar.

01.01.2023 gjekk Aksello frå å nytte Visma over til å nytte PowerOffice som sitt **rekneskap og CRM system**. Dette har fungert fint og gjev dei tilsett og dagleg leiar betre innsikt og moglegheit for prosjektstyring/rapportering enn tidlegare.

I november 2023 gjennomførte **Aksello strategisamling**. Der deltok styret og administrasjonen saman med fasilitatorar frå Convento. Dette resulterte i ein god og strukturert prosess som la føringar for ein tydeleg og god strategi for Aksello 2024-2028.

Med på plass, oppstart av nytt 10 års program frå Siva, ei treårig avtale med Vestland Fylkeskommune og g Aksjonæravtale gjeldande avtale med Kinn kommune gjev det Aksello ei trygg og god grunnfinansiering for at organisasjonen kan jobbe med næringslivets behov og sikre nyskaping og næringsutvikling dei neste åra, og ein har kome i mål med ei noko meir langsiktig grunnfinansiering i Aksello.



# Årsrapport 2023

## KOMMUNAL NÆRINGSUTVIKLING

### Handlingsplan:

Leverer førstelinje tenester i høve avtale  
Viderutvikling av førstelinje tenester  
Dialogmøter  
Inngå nye avtaler med aktuelle kommunar  
En vei inn  
Kinn U40  
Kommunalt næringsfond



## Kommunal Næringsutvikling i 2023

Det var inntot nærare **70 idear** som Aksello vurderte i sitt system. Fleire av desse er det vi kallar levebrødsbedrifter (idear) som handlar om å starte eiga bedrift for å skape sin eigen arbeidsplass. Desse ideane oppfyller som regel ikkje vilkåra for støtte gjennom virkemiddelapparatet som eksempelvis Innovasjon Norge, men er uansett viktige for utvikling av nye arbeidsplassar lokalt.

Vi har levert **6 næringsfaglege vurderingar** til NAV basert på dialog og bistand til gründere under etablering.

Gjennom heile året har vi hatt månedlege **dialogmøter** med Kinn kommune for å avklare og jobbe strukturet med oppgåver kring kommunal næringsutvikling.

I 2023 såg vi på kva tenester vi kunne **tilby kommunane** og korleis vi på best måte kan imøtekomme behova som næringslivet har, då med spesiell merksemd på kystkommunane. Aksello oppretta dialog med kommuneadministrasjon i Askvoll, Fjaler og Hyllestad om dette i 2023.

Aksello har delteke i prosjektgruppa for «**en vei inn**» som handlar om å samle virkemiddel innan næringsutvikling på ein stad, der gründere og bedrifter enklare skal finne fram til rett hjelp til si utvikling. «En vei inn» er igangsett av næringsminister Vestre i 2022. I februar 2023 fekk Aksello besøk av Næringsministeren og fekk presentert både næringsliv, gründere, utfordringar og moglegheiter for ministeren.

Gjennom dialog med Næringslivet har Aksello oppfatta at bedrifter i Florø og Kinn slit med å rekruttere arbeidstakarar som ikkje har tilknytning til området frå før. Bedriftsleiarar melder og om at det er særskilt vanskeleg å halde på desse arbeidstakarane om ein først skulle få dei på kroken. Derfor tok Aksello kontakt med Måløy og Førde for å sjå om vi kunne gjere noko i lag. Då begge dei omliggande tettstadane allereie hadde slike prosjekt under oppsegling, tok Aksello initiativ til å lage **FloraU40**. Allereie i juni 2023 hadde vi fått på plass finansiering og klar for oppstart. Ved utgangen av 2023 har vi på plass ca 20 sponsorar frå næringslivet og stort engasjement frå prosjektgruppa.

Det vart ikkje lyst ut **kommunale næringsfondsmidlar** i 2023, men Aksello har fått god oversikt over restmidlar som ikkje har blitt utbetalt i høve tidlegare løyvingar og planlegg for ei utlysing i 2024.



# Årsrapport 2023



## INKUBATOR

### Handlingsplan:

- Idefangst (40 idear/bedrifter i inkubasjon)
- Sikre godt samarbeid med aktuelle aktører
- Eksterne rådgjevarressursar
- Koordinere Lederforum/møteplassar
- Fakturering og rapportering
- Rådgeving Pre inkubasjon (23)
- Rådgeving Forretningsmessing innovasjon (10)
- Rådgeving Inkubasjon (7)



## Inkubator i 2023

I 2023 mottok vi kr 1.760.000 i artikkel 28 midlar og kr 440.000,- i administrasjon og gjennomføringsfinansiering frå Siva. I tillegg støtta Vestland Fylkeskommune med strategiske partnerskapsmidlar.

Aksello sikrar finansieringa av inkubatorprogrammet gjennom utøysande midlar også frå eigarane gjennom aksjonæravtala saman med statstøttefinansiering frå Siva og Vestland Fylkeskommune.

I 2023 brukte Aksello kr 1.522.042 i innovasjonsstøtte på bedrifter i inkubasjon.

Totalt overfører vi kr 338.710 i ubrukne midlar til 2024.

Antall bedrifter i inkubasjon i 2023 var **19 totalt**.

Desse var:


**Thalasso, Thalasso Biotech, Brim Farm, Emendakit, Ytir, Helse Først, Sunndal kompetanse, Helinor Energy, Nordic Mate, Teleskopisk Festeskinne, Exit, Retrams Helse, Retrams RobotHands, Safe Storage, Safe Storage Tekstilmeking, Multi Maritime, Abbel Eigedom, B'Zeos.**

Det vart arrangert **4 leiarforum** og **2 inkubatorsamlingar** i tillegg til pitche-trening og Kapitaldagen. Det vart også arrangert 9 kompetansehevande tiltak innanfor berekraft, digitalisering og eksport i regi av inkubatoren i løpet av året.

2023 er første oppstartsår av inkubatorprogrammet. Sjølv om vi ikkje nådde måltalet i 2023 er vi sikre på at vi vil gjere det i 2024 då idefangsten er god, og vi er langt på veg å få på plass strukturen for programmet.

I 2023 har vi utvikla ei **eiga modenhetsrapportering** for bedrifter i inkubasjon som tek føre seg KTH skalaen innan alle dei 9 områda for forretningsutvikling. Denne fekk Aksello presentere på Siva Partner samling i Oslo i november.

Hausten 2023 gjennomførte **Aksello utviklingssamtale** med Siva og finn det motiverande å arbeide vidare med utvikling utifrå statussituasjon som no er dokumentert gjennom samtala.



# Årsrapport 2023



## PROSJEKT

Energisenter Florø

Havvind

FoU møte Ørret

Grøn Hub

Slutføre OKEN (Omstilling og knoppskying frå etablert næringsliv) pilot Grøn Vekst (8 bedrifter)


Grøn Vekst x3 (30 bedrifter)

Studiehub

FoU møte bioøkonomi

FoU møte havvind

Behovsavklare og søke minst 2 nye prosjekt



### FLEKSIBILITET

Legge til rette for fleksibel og desentralisert høgare utdanning – tilpassa folk, kommunar og det lokale arbeidslivet sine behov

### TILGJENGELEGHEIT

Jobbe for at utdanningstilbod blir tilgjengeleg uavhengig av livssituasjon og individuelle behov

### INKLUDERING

Sikre at verksemdar og innbyggjarar har høve å delta i utdanning og at vårt lokale arbeidsliv får tilgang til relevant kompetanse

## Prosjekt 2023

**Energisenter Florø** vart slutført 2023. Dette er eit prosjekt som har gjort eit godt målbilete ut av kva som er moglegheitane i Florø og regionen. Sluttrapporten og prospektet som er laga etter prosjektet gjev konkrete tiltak for kva som skal til for å nå felles målsetning innan infrastrukturelle behov (kraft, areal, vatn ect), grønt havbruk, grønt maritim industri og Havvind.

**Prosjektet for Havvind** vart gjennomført med gode resultat. Det vart mellom anna gjennomført workshop med dei mest sentrale internasjonale aktørane innan havvind i Florø og prosjektet har bidrege til at Fjord Base har fått beslutningsgrunnlag for vidare strategiske avgjersle kring havvindsatsing.

**FoU møte** med forskarar og næringsliv med tema kring berekraftig auke av ørret-produksjon vart gjennomført med gode tilbakemeldingar frå deltakarane 20. april. Også FoU møte for bioøkonomi vart gjennomført i 2023, den 02. juni. Vi fekk søkt og innvilga eit nytt FoU møte for KI i maritim sektor i 2023, men dette vil bli gjennomført i 2024.

**Grøn Hub** Prosjektet har kartlagt industriell symbiose utover den grønne huben Fjord Base. Rapporten NORSUS og næringslivet på og kring Fjordbase har utarbeidd gjev eit godt bilete på moglegheiter for meir industriell symbiose og større satsing på å nytte avfall til ressurs.

**OKEN** (omstilling og knoppskying frå etablert næringsliv) er ferdigstilt og sluttrapportert i 2023. Erfaringane frå dette vekstprogrammet har vi tatt med oss i utviklinga av eit nytt **Grøn Vekst** prosjekt som vi har finansiering til å gjennomføre med 8 bedrifter x 3-4 gonger.

**Studiesenter Kysten** vart etablert etter å ha fått finansiering frå Hk.dir, VLFK og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Aksello er prosjekteigar og har leigt inn prosjektleiar. Gjennom Studiesenter Kysten driv og finansierar vi Utdanningshub'ar i Måløy, Florø, Askvoll, Fjaler, Hylestad, Solund og Høyanger. Målsetninga er å identifisere kompetansebehovet til næringslivet, legge til rette for relevant utdanning der du jobbar og bur, og legge til rette for eit attraktivt studentmiljø.

I 2023 har Aksello jobba for å kunne legge til rette for eit relevant **næringshagetilbod** på kysten. Gjennom arbeidet i 2023 er vi litt nærare å realisere dette og vil saman med Vestland Fylkeskommune og dei andre Siva-partnarane i Region Fjordane fortsette dette arbeidet i 2024.

# Årsrapport 2023



## MØTEPLASSAR/ARRANGEMENT

### Handlingsplan:

- Frukostmøte
- Grundertreffet
- Fellessamlingar grønn vekst
- Sommartreffet
- Lunsj møter
- Inkubator samling
- FoU møter
- Leder forum
- Kapital dagen
- pitch trening
- Div. kurs
- Motivasjonssamling etablert næringsliv



## Møteplassar i 2023

Som vanleg gjennomførte Aksello 9 stk **frukostsamlingar** også i 2023. Det var godt oppmøte og vi hausta gode tilbakemeldingar på relevante temaer og innslag. Innovasjon Norge og Forskningsrådet er alltid invitert og stiller med kompetanse til samlingane.

**Gründertreffet 2023** vart ein suksess! Vi fekk med oss Thordur Arnason som drog publikum igjennom eikompleksiteten i KI-revolusjonen med stort engasjement. Joachim Vie frå Norse Feedback fortalte historia til det spennade gründerelskapet som har vunne innovasjonspris og kåra til Årets helsegründer.

**Sommartreffet** vart i år arrangert utandørs. Vi var heldige med været og hadde godt med besøk på bedriftsstandane.

Vi har arrangert eit par lunsjmøter med relevante temaer mellom anna rekrutteringsstrategi, digitalisering, berekraftstrategi ol. Også skriveverksstad for **SkatteFUNN** vart arrangert 21. august i samarbeid med Forskningsrådet.

**Kapitaldagen** vart arranger 6. desember med 14 gründera (der 6 av dei var frå Aksello sin inkubator) på scena framfor mange interesserte investorar i salen. Kvelden før var det eit eige investorarrangement. Aksello arrangerer Kapitaldagen saman med Kunnskapsparcken Vestland, Inovasjon Norge og NHO.

I forkant av Kapitaldagen tilbydde Aksello pitchetrening med Sead Forum for alle inkubatorbedriftene.





# Årsrapport 2023



## MARKEDSFØRING

### Handlingsplan:

Videokampanjar

nettside/SoMe

Artikler

Nyhetsbrev

Idefangst

Delta på arrangement



Aksello

1,4 k liker • 1,7 k følgere

Annonsér Administrer Rediger

## Markedsføring i 2023

Gjennom Aksello si nettside har Aksello publisert 26 **nyheitsartiklar**. Facebook og instagram er nytta for å nå ut med både artiklar og korte innslag. Magnus Torvanger har skrive nokre artiklar for Aksello på oppdrag.

Aksello har sendt ut 15 **nyheitsbrev** i 2023.

Aksello har delteke på fleire arrangement der vi har fått moglegheita til å presentere Aksello for publikum. Mellom anna for næringsminister, Formannskapet i Kinn kommune, FIN, Vestland Fylkeskommune, statsråd 18. juli, Elkem, Måløy Vekst strategisamling, Ancala og Fjord Base.

Aksello laga i 2023 4 videosnutter der gründerar i inkubatoren vart intervjuva. Desse filmane blir delt i SoMe kanaler.



Utviklar sporing av tekstilar

18/10/2023 Nyhende

Safe Storage AS er frå sommaren 2023 ny inkubatorbedrift hos Aksello. Det nye selskapet arbeider med sporing av tekstilar og har gått ...

Nye styremedlemmar i Aksello sitt styre

19/06/2023 Nyhende

Styret i Aksello er ei viktig brikke i arbeidet for nyskaping og næringsutvikling. Næringslivet sitt behov for å oppnå berekraftig verdoskaping ligg ...



Aksello-drahjelp til medisinsk utstyr

05/09/2023 Nyhende


Jordmor Kjersti Grinde har utvikla eit nytt medisinsk skrin for handtering av allergisk spökk. Helse Førde tek det nye skrinet i full ...



FloraU40

21/09/2023 Nyhende, Prosjekt

FloraU40 – Di bedrift kan bidra til å fremje tilflytting og hindre fråflytting frå Fløre og omland! Har di bedrift utfordringar med ...



Hydrogen-selskapet Helinor Energy vert med i Aksello-inkubatoren

13/07/2023 Nyhende, Prosjekt

Det nystartete selskapet Helinor Energy AS er i gang med å etablere seg på Fjord Base i Fløre. Selskapet skal levere utstyr ...



Sommartreffet 2023

13/07/2023 Nyhende, Prosjekt

Årets sommartreff var i alleen mellom Sparebanken Sogn og Fjordane og Nausstøl dampbakeri, med strålende sol og god mat servert frå Bistro ...



200.000 Kroner i gåvemedlar frå Sparebanken Vest

11/07/2023 Nyhende, Prosjekt

200.000 kroner i gåvemedlar frå Sparbanken Vest til FloraU40. FloraU40 arrangerte sitt første arrangement på Sandstrand Folkepark innan fellestien. Det var over ...



Sommarhilsen frå Aksello

26/06/2023 Nyhende

Trass den hagaste aktiviteten i Aksello noko sinne i 2022, merkar vi at det er mindre pågang av nye forretningsidear og bedrifter ...



Er du nysgjerrig på kva karrieremoglegheit som finnst i Fløre?

21/06/2023 Nyhende, Prosjekt, Rekruttering

Aksello inviterer studentar og arbeidssøkjande, potensielle heimflyttarar og tilflyttarar, og sjelvsagt det lokale næringslivet, til rekrutteringsstreff og nettverking, fredag 07 juli kl. 16.30 ...



Ny programansvarleg i Aksello

19/06/2023 Nyhende

Særleg utvikling og nytenking innan berekraft synest eg er spennande å jobbe med. I Aksello har vi mykje å gjere heile tida ...



# Miljø og berekraft 2023



Rapportar under er henta frå Aksello si rapportering i høve Miljøfyrtårnsertifisering og syner samanlikning med tala rapportert i 2022.

## Bærekraftsmål

Aksello har etablert berekraft som ei kjerne i alt vi arbeider med. Det gjeld sosial og økonomisk berekraft så vel som klima. I alt vi gjer i samarbeid med gründerar og næringsliv tenker vi heilheitleg kring sirkulære moglegheiter og industriell symbiose. Vi vel prosjekt og bygger vårt økosystem med hovudvekt på berekraft.

Det er 7 av FN's berekraftsmål som Aksello spesielt er merksamme på:




Dette inneber at Aksello har ekstra merksemd på at alle bedrifter og gründerar som mottek tenester frå Aksello, levera og utviklar seg etter tydelege berekraftige mål.

### Resultater og mål


#### ★ Omsetning og årsverk

Antall årsverk for rapporteringsåret




### Arbeidsmiljø

Sykefravær i prosent




### Totalt avfall




### Transport

Tjenestereiser




### Klimaregnskap

Klimagassutslipp totalt



### Kjøregodtgjørelse for tjenestereiser



# Årsrekneskap 2023



Årsrekneskapen for 2023\* syner ei auka omsetning i 2023 frå året før. Inntekter og kostnader følgjer det godkjente budsjettet for 2023 ganske godt.

Driftsinntekter og driftskostnader	2023	2022
Salsinntekt	2 328 903	1 933 132
Anna driftsinntekt	7 961 318	7 060 434
Sum driftsinntekter	<b>10 290 221</b>	<b>8 993 566</b>
Varekostnad	5 139 909	4 609 186
Lønskostnad	3 015 124	2 616 321
Avskrivning	107 304	94 600
Annan driftskostnad	1 794 533	1 612 131
Sum driftskostnader	<b>10 056 869</b>	<b>8 932 238</b>
Driftsresultat	<b>233 352</b>	<b>61 328</b>

\*Årsrekneskapen er ikkje revidert og godkjent av styret og generalforsamling på tidspunktet årsrapporten er utarbeidd. Altså er dette førebels tal.